

HORDALAND SOGELAG

Protokoll frå styremøte i Hordaland sogelag laurdag 13. mars 2010 kl.11.00.

Stad: Møllesalen, Aktivitetshuset Shoddyen, Strusshamn, Askøy.

Til stades: Else Marie Kind Hevrøy, Mikal Heldal, Jarleiv Haugland, Einride Aakra, Åse Eikemo Strømme, Sigrid Kaale.

Sak 08/2010: Godkjenning av innkalling og sakliste

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Sak 09/2010: Godkjenning av protokoll frå styremøte 26.01.2010

Protokollen vart godkjend utan merknader.

Sak 10/2010:Innkomne skriv og meldingar

- Temaheftet: Segn og Soge frå Hordaland er ferdig. Alle som møter opp på lokalhistoriske dagar får heftet. Lokallaga får med seg ein kartong for sal. Heftet kostar kr.50,00. Lokallaga får k.20.00 pr. hefte. Mikal håpar det kan verta gjeve ut eitt hefte kvart år.
- Skottehandelen: Det vert laga utstilling til hausten.
- Heimesida: Bente har sagt seg villig til å halda fram med å redigera Heimesida. Programmet bør fornyast slik at det vert lettare å oppjustera. Kanskje Hordaland sogelag bør få i stand eit kurs.
- Landslaget for lokalhistorie: momsrefusjon. Me skal få vita meir om dette seinare.
- Kinnaspelet. Det vert ikkje arrangert noko frå Hordaland sogelag.
- Kurs i årboksarbeid i Mosjøen 10.-11. april. Ikkje aktuelt for nokon her.
- Markedsmateriell Norges historielag. Er sendt ut på data til orientering.
- Studietur 2010. Sunde har lova å senda påmeldingsorientering no.
- Andre meldingar. Hordaland sogelag har fått kr.35000 frå Hordaland fylkeskommune.

Sak 11/2010: Årsmøtet og lokalhistoriske dagar 2010.

Årsmøtesakene med arbeidsfordeling

Opplegget er i gode hender. Erling Virkesdal tek seg av det.

Må velja møteleiar og skrivar på årsmøtet.

Jarleiv legg fram rekneskapen.

Åse orienterer om medlemspengar.

Forslag til budsjett vert framlagt

Leiv Mæhle leier valet.

Sak 12/2010: Eventuelt andre saker

Mikal møter på årsmøte til folkeakademiet på Hotel Terminus 24. april 2010.

Fykse, 17.mars 2010

Sigrid Kaale

-skrivar-